



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 20.12.2019  
Vår ref: 19/02871-8  
Deres ref:

## **Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Sørheim i Etne kommune. Tiltakshavar: Åsbø Sanddrift AS**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** post@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) visert til søknad om driftskonsesjon datert 5. juli 2019 fra Åsbø Sanddrift AS (org. nr. 979 913 834).

### **1. Tildeling av driftskonsesjon**

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) visert til søknaden om driftskonsesjon datert 5. juli 2019 fra Åsbø Sanddrift AS (org. nr. 979 913 834). Åsbø Sanddrift AS (org. nr. 979 913 834), heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av sand i Sørheim massetak på del av eidegodene gbnr. 36/5 og 36/10 i Etne kommune. Mineralførekomenstn hører til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 50 daa og går fram av kart «Sørheim massetak – konsesjonsområde».

Etter reguleringsplan «Detaljregulering for Austrheim II», planID 201407, vedtatt 31. oktober 2018 er området regulert til råstoffutvinning.

**Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.**

### **2. Vilkår for driftskonsesjonen**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

#### **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.



DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

## **2.2. Økonomisk sikkerheit**

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 350 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 150 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan ráde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6.

## **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

## **2.4 Ivaretaking av sandsvaler**

For å ivareta førekomensten av sandsvale, har vi likevel funne grunn til å setje desse vilkåra: Det skal ikkje gå føre seg uttak av grus/masse i området kor sandsvale hekker i perioden frå mai til og med juli månad. Det skal strevast etter å bevare hekkeplass for sandsvale i konsesjonsområdet under drift, samt leggjast til rette for hekkeplass etter avslutta drift. Det vil vi at det ikkje bør foretas inngrep, inkludert avslutningsarbeider, i området kor det hekker sandsvale. Bratte skrentar må like fullt sikrast i tråd med mineralloven § 49, slik at arbeida ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. I forbindelse med istandsetting av uttaksområdet skal det leggjast til rette for hekkeplass for sandsvale dersom hekkeplassen fjernes etter hekkesesongen av hensyn til drifts eller tryggleik.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjenner driftsplanen for Sørheim. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

## **4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF**

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos Etne kommune, Fylkesmannen i Vestland, Hordaland fylkeskommune, NVE, Statens vegvesen og aktuelle naboer.

Høyringsperioden var frå 15. november 2019 til 13. desember 2019. DMF har mottatt høyringsfråsegner frå Fylkesmannen i Vestland, Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen, NVE, Pro Invenia AS og Anders Sørheim Hundseid.

Frå høyringsfråsegnerne har DMF særleg merkt seg dette:



### Fylkesmannen i Vestland

Rett i nærleiken av uttaksområdet er det lakseførande vassdraget Etneelva. Verksemda må syte for at partiklar frå uttaket ikkje vert spreidd til elva. Det er viktig at eventuelt overflatevatn vert ført til sedimentasjonsbasseng. Verksemda må ha tilfredsstillande rutinar for kontroll og tømming av sedimentasjonsbassenget for å hindre utslepp til Etneelva.

Dersom det vert danna mineralavfall må verksemda vurdere om dei vil verte omfatta av reglane i kapittel 17 i avfallsforskrifta om handtering av mineralavfall.

### *DMF sine merknader*

DMF føreset at tiltakshavar har tilstrekkelige rutinar for å sikre kontroll og tømming av sedimentasjonsbassenget. Regelverket for mineralavfall må etterlevast.

### Hordaland fylkeskommune

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde. Arealføremålet for masseuttak blei fastsett i vedteken reguleringsplan-id 201407 for Austrheim II, og tilhøvet til kulturminneinteressene i området blei avklart i samband med handsaminga av planen. Driftskonsesjonen vedkjem ingen kulturminneinteresser. Fylkeskonservatoren viser elles til si fråsegn i samband med tidlegare offentleg ettersyn av reguleringsplanen. Fylkeskonservatoren har ingen vidare merknader i saka.

### Oppsummering

Hordaland fylkeskommune har ikkje merknader som går imot søknaden om driftskonsesjon.

### *DMF sine merknader*

DMF tar høyringsfråsegna til etterretning.

### Statens Vegvesen

Statens vegvesen gav merksam på i vår høyringsuttale til i reguleringsplanen at dersom det blir framtidige planar om permanent utvida bruk av avkjørsle frå E134 må den vurderast på nytt om den tilfredstiller krav. Ved ein mindre periode med delvis auka bruk av avkjørsla må det utarbeidast arbeidsvarslingsplan.

I søknad om konsesjon er det henvist til at drift og produksjon skal føregå i henhold til den godkjente reguleringsplanen for uttaket og vi har forstått det slik at det ikkje vert noko auke i bruken av avkjørsla til europavegen i høve dagens drift.

Statens vegvesen har med bakgrunn i dette ingen merknader til søknad om driftskonsesjon.

### *DMF sine merknader*

DMF tar høyringsfråsegna til etterretning.

### NVE

NVE har ingen merknader til søknaden.

### *DMF sine merknader*

DMF tar høyringsfråsegna til etterretning.



### Pro Invenia AS på vegne av Etne Sand og Pukk AS

Vi viser til høringsbrev fra 15.11.2019 og Driftsplan for masseuttak på Sørheim datert 12.11.2019. Som rettighetshaver av grus på tilstøtende eiendom 37/10 og 37/8/1 og innehaver av konsesjon på tilstøtende Austrheim grustak, har Etne Sand og Pukk AS (heretter ESP) noen bemerkninger som gjelder Driftsplan:

Driftsplanen for Sørheim har en sekvensering av uttak som åpenbart er satt for å tilfredsstille reguleringsbestemmelse §3.2.1 om istandsetting av bestemmelsesområde #10 og #11 innen hhv. 2028 og 2024. Følgende av dette er at den «rikeste» del av resveren, med grovere korngradering i etappe 4 planlegges utvunnet sist. Utklipp fra Driftsplankart under:

Den sekvensering av uttak som presenteres i driftsplanen for Sørheim, er uheldig for å få til et koordinert og bergmessig forsvarlig uttak i grenseområdet mellom ESP og Åsbø sin konsesjon. ESP har i sin nyeste driftsplan datert 13.06.2019, planlagt å drive hele øverste stuffnivå innover, allerede i første uttaksetappe. Dette inkluderer også vestlig ende inn mot Åsbø sin omsøkte konsesjon.

Vi vil derfor be om at driftsplanen som direktoratet setter som vilkår i konsesjon, gir mer fleksibilitet i tid, til å utvinne grus i nordøst inn mot ESP sin konsesjon.

Vi mener det skal være praktisk mulig å ta ut litt og litt grus i grenseområdet (etappe 4 i Sørheim driftsplan) gjennom hele driftsperioden, uten at det går på bekostning av istandsettingen av bestemmelsesområde #10 og #11 og de gjeldene frister for det.

### *DMF sine merknader*

DMF vil vise til at det er Etne kommune som er ansvarlig myndighet for plan- og bygningsloven og som dermed skal følge opp reguleringsplanen for området. Det må derfor tas kontakt med kommunen for å avklare kor mye spillerom man har i forhold til reguleringsplanens føringar. Deretter kan man eventuelt vurdere å gjøre endringar i forhold til driftsplanen for uttaket. DMF føreset at tiltakshavar er villig til å gå i en dialog angående de spørsmål som reises i høringsfråsegna.

### Anders Sørheim Hundsei

#### 1. Innledning

Det vises til Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) sitt brev av 15.11.2019 hvor ovennevnte søknad om driftskonsesjon er lagt ut for offentlig høring. Høringsfrist i saken er satt til fredag 13. desember 2019, og denne høringsuttalelsen er inngitt innen fristen.

Undertegnede, Anders Sørheim Hundsei, er grunneier av eiendom gnr.36 bnr. 10 i Etne kommune. Grunneier er både nabo til det aktuelle grustaket, og grunneier for enkelte områder som er omfattet av tidligere konsesjoner til Åsbø Sanddrift AS i tillegg til omsøkt konsesjon. Grunneier har hatt førstehånds innsikt i driften i området i over 20 år.

Som privat part ønsker jeg å komme med innspill til relevante forhold i denne saken.

Mine innspill gjelder forhold som ikke er tilstrekkelig belyst, mangelfull gjennomføring av tidligere konsesjoner, manglende ivaretakelse av miljømessige hensyn, og flere



kritikkverdige forhold som bør tas med i vurderingen av om søker er skikket til å motta konsesjon.

## 2. Bakgrunn og oppfordring til tilsyn

Bakgrunnen for min høringsuttalelse er Åsbø Sanddrifts manglende evne og vilje til å oppfylle offentligrettlige forpliktelser i henhold til eksisterende/tidligere grusdrift i det samme området som denne saken gjelder.

Åsbø Sanddrift AS har utvunnet sand og grus masser i det aktuelle området med tilhørende reguleringsplaner siden om lag år 2000. Hvorvidt selskapet har oppfylt sine tidligere forpliktelser er relevant for DMFs vurdering av om selskapet er skikket til å utvinne forekomsten som denne saken gjelder.

Denne saken er etter min oppfatning ikke tilstrekkelig belyst. Det bør undersøkes og vurderes hvorvidt Åsbø Sanddrift har oppfylt sine tidligere forpliktelser. Dersom DMF kommer til at Åsbø Sanddrift ikke har oppfylt sine plikter, så er det et tungtveiende argument for at Åsbø Sanddrift ikke er skikket til å utvinne forekomsten av grus. Det skal i så fall vektlegges i DMFs vurdering av konsesjonssøknaden.

DMF oppfordres derfor til å føre tilsyn og revidering av Åsbø Sanddrifts overholdelse av tidligere plikter. DMF bes også vurdere hvorvidt det eventuelt skal stilles som vilkår for tildeling av konsesjon, at Åsbø Sanddrift dokumenterer riktig oppfyllelse av tidligere plikter og at konsesjon gis med innskrenket tidsbegrensning.

## 3. Oppsummering av enkelte misligholdte plikter

### a) Opprinnelig driftsplan er ikke overholdt eller ajourført

Dagens masseuttag har blitt stående åpent i betydelig lengre tidsrom en planlagt i henhold til opprinnelig driftsplan. Dette har ført til at ca 20 dekar mer har årlig vært ute av produksjon på landbruksjorden, og dette mer en planlagt iht. opprinnelige driftsplaner. (37,5 dekar er nå ute av drift på gnr 36 /bnr 10).

Oprinnelige driftsplaner er ikke overholdt eller ajourført. Driftsplanen knyttet til denne konsesjonssøknaden kan ikke bli sett på som ei ajourføring av den tidligare godkjente planen.

Det er ikke samsvar mellom tidligere driftsplan og den nye driftsplanen. I praksis innebærer den nye driftsplanen at man setter til side og ikke overholder den gamle driftsplanen.

Dette innebærer en betydelig økt belastning på naturgrunnlaget for samfunns- og næringsliv i området. Det er også mangefullt utredet hvilke konsekvenser det får på miljøet og omkringliggende omgivelser da dette er landbruksareal skal driftes straks det blir tilbakelagt.

Masseuttaget er over siste 5 årene kraftig redusert som følge av at Åsbø Sanddrift nedprioriterer området. Åsbø Sanddrift har utvinning på andre lokasjoner som fører til en kostbar ferdigstillelse på næværende konsesjonsområde og insentiver for å holde område på gnr 36 bnr 10 åpent for å sikre seg tilgang for å ta ut ytterligere masser på gnr 36 bnr 5 omtalt i denne søknad. Driftsplanen inneholder feil og ivaretar ikke hensynet til lavest mulig belastning på miljø og landbruksarealer.

### b) Ny Driftsplan



Oversikt over estimert volum er misvisende, og gjenstående volum og tidsperspektiver direkte usannsynlig. Dette er ikke i samsvar med tidligere driftsplaner, dagens status, og målinger utført av grunneier. Etter min oppfatning bør det underliggende grunnlaget vurderes av en nøytral part/sannsynliggjøres før det evt. gis konsesjon.

Det er ikke splittet volum på bnr. 10 og 5. Det medfører at tidlige misligholdt plikt til tilbakelegging av landbruksjord skjules. Det fremstår som et bevisst forsøk på å unndra seg plikter i henhold til tidligere planer.

Det fremkommer ikke at rekkefølgen på de ulike etappene må overholdes og at det for eksempel ikke startes på etappe 4 før man er ferdig på foregående etapper. Driftsplan skildrer kun etappene mht uttaksmengde, mens reguleringsplan henviser til samme etapper innen gitte frister hvor området derimot skal være tilbakelagt landbruksjord. Det er en betydelig svakhet ved driftsplanene, idet det ikke sikrer ivaretakelse av miljøet og at det blir minst/kortest mulig inngrep i landbruksjorden.

Etappe 1 og 2: Dette området er allerede tilnærmet ferdigstilt og med normal uttak på 50 000m<sup>3</sup> i året så burde dette være tilbakelagt landbruksjord i senest 2022. Vordvoll på topp stuff skal fjernes og benyttes i revegtering til landbruksareal, noe som ikke fremkommer.

Etappe 3: Området på gnr 36 bnr 10 tilsvarende burde være ferdigstilt senest 2024 til landbruksjord utifra uttaket som gjenstår.

Etappe 4: Dette området har ingen grunn til å ikke være ferdigstilt senest 2030. Under etappe 4 i driftsplan er det er lagt opp til et dobbelt så stort 20\*20 m sedimentbasseng på gnr 36 /bnr 10 som ifg driftsplan kan ligge frem til 2040 slik det fremstår og kanskje lengre. Dette avhenger blant annet av at naboen trepenør foretar uttak på gnr 37 bnr 10.

I tillegg er det satt av et område for deponi / lagring på gnr 36/bnr10 i etterkant av ferdigstillelse i år 2028 som ikke er tidsavgrenset, men som ikke har noe med grunneier av gnr 36 bnr 10 å gjøre. Spesifikk utforming / lokalisering er uklar.

Disse uavklarte føringene vil få store konsekvenser for rasjonell drift av landbruksareal når min eiendom skal være tilbakelagt til landbruksjord innen 2028 ifg foresegner som ligger til grunn. Deler av areal allerede i år 2024.

Her foreligger det mangelfull konsekvens analyse av tilbakelegging av landbruksjord på gnr 36 bnr10. Konsekvenser som forurensing, avrenning og støv på grasavlinger er svært alvorlig da dette benyttes som mat til husdyrproduksjon.

Hadde man fulgt opprinnelig driftsplan som ikke er gjort ført så ville dagens område allerede vært tilbakeført.

Slik ny driftsplan er lagt opp vil det ikke være økonomisk forsvarlig for grunneier å la område være uten landbruksdrift med den skisserte uttaksplanen. Opprinnelig reguleringsarbeid og driftplan la opp til en mye høyere uttak som skulle gjøre prosjektet økonomisk forsvarlig.

Punkt 2.3:



Kommentar: Uttaket fra oppsiden er ikke stengt med bom slik det står i driftsplan. Det er heller ikke laget gjerde på toppstuff bak voll ned mot sandtaket i aust. Entreprenør har ikke foretatt vedlikehold av gjerde i nord på toppstuff. Dette er kun et lett strømgjerde som tidligere grunneier har hatt arbeidet med. Slik situasjonen er i dag og endrer seg løpende er det en fare for dyr og mennesker. Det er entreprenør sitt ansvar å holde gjerde / grinder gjennom hele driftsfasen. Entreprenør har 5 år ansvarstid i etterkant av uttak iht reguleringsplan / driftsplan.

Punkt 3.1 står det at skråningene skal revegeteres.

Kommentar: Skråningene skal beplantes.

#### Punkt 2.4.4: Avrenning

Ny plan omfattar delvis punktering av myrområde på gnr 36 bnr 5. Det er ikke foretatt konsekvensanalyse for vassutlaup og permanent vassrør for overflate vann fra dette området foruten at dette skal ledes over gnr 36 bnr 10. Problematikk er nevnt under punkt 2.3 i driftsplan "avrenning". En tilleggsopplysing er også at dette området også fungerer som en flotør for grunnvatn til vasskilder i nærområder.

Ifg opprinnelig driftsplan / reguleringsplan skal vassutløpet ha naturlig utløp slik det var før masseuttak (utgangsretning). Vannet ble fordelt minst på 3 områdertidligere. Rør i dag takler ikke store nedbørsmengder. Dagens dimensjon på rør som leder overflatevatn er underdimensjonert. Det burde vært et minimumskrav at tilsvarende rør blir lagt langs tenkt skråning/ veg i nord for avta naturlig vassutløp slik det var før dagens masseuttak og føre dette ut i åpen grøft på eiendom gnr 37 bnr 10.

Driftskonsesjonsøknad punkt 8:

Garantiforpliktelse er foreldet og ikke oppdatert eller fornyet iht grunneieravtaler. I tillegg er den ikke utvidet etter størrelsen på området.

c) Total mangel på dialog og samarbeid fra entreprenør og kommune.

4. Ikke overholdt varsomhets- og oppryddingsplikten i henhold til Mineralloven  
Jeg vil særlig fremheve Åsbø Sanddrifts manglende evne og vilje til å overholde driftsplaner, og spesielt til å sørge for etterbruk og tilbakeføring av områdene de tidligere har utvunnet fra. I dialog med Åsbø sandrift har det tidligere også fremkommet at nåværende konsesjonsområde kunne ferdigstilles på 1 til 2 år, dersom man hadde hatt samme produksjon som tidligere driftsplan noe de kunne fått til ved prioritering.

Dette innebærer brudd på varsomhetsplikten i henhold til Mineralloven, idet skadene på området blir større enn nødvendig, og fører til unødvendig skade på miljøet. Videre er det brudd på oppryddingsplikten, idet det ikke er sørget for forsvarlig opprydding av området mens arbeidene pågår og etter at disse er avsluttet.

Dette underbygger Åsbø Sanddrifts manglende evne og vilje til å ivareta å plikten til tilbakestilling av omgivelsene for å ivareta samfunnsliv, miljø mv. Jeg viser for øvrig også til klage på reguleringsplanen datert 03.des.2018, inntatt som vedlegg 1, hvor enkelte av ovennevnte punkter også beskrives nærmere.

#### *DMF sine kommentarar*

DMF ertilsynsmyndighet etter mineralloven. Oppfordringa til å gjennomføre tilsyn er tatt med som eit innspeil til vår prioritering av tilsyn i framtida. Når det gjelder



driftsplanen for uttaket, skal denne være i samsvar med våre retningslinjer og for de nye planer for uttaket. At det finnes en allereie godkjent driftsplan, kan ikke være til hinder for at det kan utarbeidast en ny driftsplan som endrar opplegget rundt uttaket.

DMF føreset at tiltakshavar sørger for at uttaket er sikra i tråd med driftsplanen og mineralloven. Når det gjelder tempo for uttak, er dette noe som tiltakshavar må vurdere ut frå marknadens etterspørsel og egne planer.

Avrenning er behandla som et tema i dokumenta knytt til reguleringsplanen.

Det vil bli stilt krav om økonomisk sikkerhet i forbindelse med denne tildeling av driftskonsesjon, jf. vedtakets punkt 5.11. Den økonomiske sikkerheten vil sikre at det skjer en forsvarlig opprydding og sikring av uttaket etter endt drift.

## **5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon fra DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekosten. Dette inneber at ein skal legge vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekosten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det også leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekosten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale/avtalar med grunneigaren/grunneigarane for gbnr. 36/5 og 36/10, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalane gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekosten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekosten.

### **5.2 Arealstatus for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 50 daa og går fram av kart «Sørheim massetak – konsesjonsområde».



Etter reguleringsplan «Detaljregulering for Austrheim II», planID 201407, vedtatt 31. oktober 2018 er området regulert til råstoffutvinning.

### **5.3 Økonomien i prosjektet**

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifa som økonomisk skikka.

### **5.4 Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av grustaket. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer det planlagde uttaket av førekomensten innanfor arealet på 50 dekar. Det totale volumet grusreservar som skal takast ut er estimert til kring 645 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 50 000 m<sup>3</sup>. Det er planlagt drift i 4 etappar. I tillegg til driftfasane er det lagt fram ein plan for si kring og avslutting av grustaket.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Sørheim godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønsker å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### **5.5 Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.



## 5.6 Kva kompetanse søkjaren har til å drive førekomsten

I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Ivar Åsbø som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

## 5.7 Dei miljømessige konsekvensane av utvinning

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne, og DMF kan setje vilkår i konsesjonsvedtak for å sikre kulturminne og miljøomsyn.

Det finst ein godkjend reguleringsplan for uttaket. Planskildringa i reguleringsplanen gjer greie for miljøverdiar i området og korleis uttaket vil påverke miljøet.

### *Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjelder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyningsfråseigner og eigne søk i Naturbase og Artskart (giennomførte den 18. november 2019) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Reguleringsplanen gjør greie for hagemark, utforming eikehage, som ligg ved austgrensa for planområdet. Det gjerast også greie for andre funn i området, blant anna knytt til førekomst av sandsvaler. DMF finner grunn til å ta inn et vilkår for å ivareta førekomsten av sandsvale.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. Reguleringsplanen med konsekvensutgreiing vurderer at tiltaket ikkje vil få slik konsekvens at det vil stride mot forvaltningsmåla for artar og naturtypar eller økosistema dei inngår i. DMF har gjennomgått denne vurderinga og er samdi i denne.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

For å ivareta førekomsten av sandsvale, har vi likevel funne grunn til å setje desse vilkåra: Det skal ikkje gå føre seg uttak av grus/masse i området kor



sandsvale hekker i perioden frå mai til og med juli månad. Det skal strevast etter å bevare hekkeplass for sandsvale i konsesjonsområdet under drift, samt leggjast til rette for hekkeplass etter avslutta drift. Det vil vi at det ikkje bør foretas inngrep, inkludert avslutningsarbeider, i området kor det hekker sandsvale. Bratte skrentar må like fullt sikrast i tråd med mineralloven § 49, slik at arbeida ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. I forbindelse med istandsetting av uttaksområdet skal det leggjast til rette for hekkeplass for sandsvale dersom hekkeplassen fjernes etter hekkesesongen av hensyn til drifts eller tryggleik.

Det er tiltakshavaren som skal bere kostnadene ved tiltaka etter naturmangfaldlova §§ 11-12.

### **5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Ifølgje driftsplan er det skilta anleggsveg inn til masseuttaket generelt, samt inn til uttaket til Åsbø Sanddrift. Landbruksvegane som fører fram mot uttaket frå oppsida er i dag stengd med bom/gjerde. Det skal ikkje gjerast inngrep i det utvida arealet før det vert føretatt geoteknisk vurdering grunna fare for lausmasseskred. Dersom vurderinga syner real fare for lausmasseskred må området sikres tilstrekkelig. Stuff blir sikra med avskjæringsgrøfta.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

### **5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjerastoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Ifølgje driftsplan så har Sørheim masseuttak stor betydning for Åsbø Sanddrift AS for å framleis kunna sikra leveransar av råvarer til betong- og asfaltkunder i fleire år. Uttaket styrker verksamda og sikrar arbeidsplassar i fleire bedrifter i Etne, Vindafjord og Sunnhordland.

### **5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Ifølgje driftsplan skal området setjast i stand til landbruksområde. Det planerte arealet tilbakeførast med sjikt for seinare bruk som matjord, medan skråningane skal revegeterast. Etter at området er ferdig uttatt og fylt igjen/planert vil ein sitje igjen med ein stabil skråningsvinkel på 1:1,5.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

### **5.11 Økonomisk sikkerheit**



I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

DMF har ikkje mottatt eit konkret forslag til økonomisk sikkerhetsstilelse frå tiltakshavar.

#### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 350 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

#### **5.11.2. Form for sikkerheit**

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

#### *Bankgaranti – oppstartsfasen*

DMF vurderer det som nødvendig at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoен då konsesjonsvedtaket blei gjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 150 000. Dette er nødvendig for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyre eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemد; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldende etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 150 000. Når



beløpet på bankkontoen har nådd NOK 150 000, ellertidlegare etterskriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

#### *Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga*

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 350 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 0,47 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 10 år, det vil seie NOK 35 000 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 50 000 m<sup>3</sup>/år, tilsvarende om lag 75 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 0,47 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

#### **5.11.3. Rapportering og dokumentasjon**

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det nødvendig at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphold.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor nødvendig å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

#### **5.11.4. Justering av sikkerheita**

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

### **6. Kor lengre driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a



Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

## **7. Plikter for tiltakshavaren**

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### **Meldeplikt ved oppstart og stans av drift**

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### **Drifta skal utførast med varsemd**

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

### **Forsvarleg sikring og opprydding**

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### **Ansvaret til bergteknisk ansvarleg**

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakrar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomensten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

### **Rapportering**

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no).

## **8. Rett til å klage**

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Maria Lauritzen  
seksjonssjef

Thomas Furunes  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.  
Sakshandsamar: Thomas Furunes*



Vedlegg:

- Sørheim massetak - avtale om finansiell sikkerhetsstillelse.docx
- Sørheim massetak - godkjent driftsplan.pdf
- Sørheim massetak - konsesjonsområde.pdf
- Sørheim massetak - pantsettelseserklæring.docx
- Sørheim massetak - påkravsgaranti.docx

Mottakarar:

Åsø Sanddrift AS	Tongane 44	5590 ETNE
------------------	------------	-----------

Kopi til:

Vidar Sørheim	Sørheimsvegen 127	5590 ETNE
Andreas Aune	Sørheimsvegen 71	5590 ETNE
Tove Aune	Sørheimsvegen 71	5590 ETNE
Anders Sørheim Hundseid	Sørheimsvegen 145	5590 ETNE
Jan Arne Strøm	Stødlevegen 256	5590 ETNE
Ruth Valde	Stødlevegen 256	5590 ETNE
Roar Erik Gundegjerde	Hagaleitet 19	5590 ETNE
Arve Sørheim	Planteskulevegen 119	5590 ETNE
Gerd Stølås	Postboks 96	5591 ETNE
Reidar Berge	Litledalsvegen 70	5590 ETNE
Bjørnar Sørheim	Sørheimsvegen 93	5590 ETNE
Rune Sørheim	Sørheimsvegen 85	5590 ETNE
Ansgar Grindheim	Haukelivegen 1048	5590 ETNE
Bernhard Haaland	Stødlevegen 264	5590 ETNE
Knut Lunde	Stødlevegen 284	5590 ETNE
BKK Nett AS	Postboks 7050	5020 BERGEN
Sølv Berge	Stødlevegen 262	5590 ETNE
Jaroslaw Majewski	Stødlevegen 229	5590 ETNE
Håvard Østrem	Stødlevegen 296	5590 ETNE
Sigríð Heggan Bjørheim	Austråttlia 34	4306 SANDNES
Movinkel Eigedom DA	c/o Rune Sørheim	5590 ETNE
Gunnhild I Varberg Østrem	Hangursvegen 42	5704 VOSS
Ernst Sveinar Grindheim	Haukelivegen 1042	5590 ETNE
Sigvart Leonhard Østrem	Lindeveien 2 A	4025 STAVANGER
P Flatebø Eiendom AS	Litledalsvegen 236	5590 ETNE
Martin Heggelund	Nedre Austrheim 34	5590 ETNE
Johannes Brekke	Nedre Austrheim 36	5590 ETNE
Hans Edvard Rolle Olsen	Norheimsbakken 10	5600 NORHEIMSUND
Johs Kringlebotten	Postboks 66	5591 ETNE
Sissi Sol Kringlebotten	Postboks 66	5591 ETNE
Kristian Gerhard Østrem	Rykkesvegen 48	5705 VOSS
Hardeland Invest AS	Steinshagen	5590 ETNE
Liv Astrid Østrem	Straumsnesvegen 65	6968 FLEKKE
Lars Haaland	Stødlevegen 235	5590 ETNE
Anne Grete Hilt	Stødlevegen 274	5590 ETNE
Jan Hilt	Stødlevegen 274	5590 ETNE
Kristi Kostveit	Stødlevegen 288	5590 ETNE
Gunnar Selland	Stødlevegen 289	5590 ETNE
Kristin H Straumstein	Stødlevegen 292	5590 ETNE
Helmar Straumstein	Stødlevegen 292	5590 ETNE
Alf Harals Østrem	Srødlevegen 298	5590 ETNE



Jostein Inge Sørheim	Sørheimsvegen 126	5590 ETNE
Etne Sand & Pukk Eiendom	Tongane 1	5590 ETNE
AS	Underbakken 23	5590 ETNE
Sonja Grindheim		